



Bjørn Fjeld  
Dyngelandsvegen 99d  
5226 NESTTUN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/1481 - 23/18785

Saksbehandlar:  
Kjartan Medaas  
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:  
08.03.2023

## **Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 453/20 Boga**

Tiltak: Søknad om arealoverføring  
Byggjestad: Gbnr 453/20  
Tiltakshavar: Bjørn Fjeld

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 16.02.2023.

### **Vi trenger meir dokumentasjon i saka**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad om arealoverføring og rekvisisjon av oppmålingsforretning må vera signert av den som har grunnboksheimel som eigar av grunneigedom som arealet vert overført frå. I dette tilfellet Øystein Bauge.
2. Det må leggjast ved situasjonskart som viser arealet som vert søkt overført.
3. Arealet som vert søkt overført ligg i uregulert område sett av til LNF (landbruk, natur og friluftsliv) i kommunedelplan for Radøy. Ein må derfor søkje om dispensasjon frå arealformål LNF for å lagt arealet til hyttetomta gbnr 453/20. Informasjon om dispensasjon finn ein mellom anna på kommunen si heimeside: [Alver kommune - Dispensasjon](#) og i vedlagte dokument. Gjer merksam på at søknad om dispensasjon skal nabovarslas. Og at søknaden er gebyrbelagt.
4. Søknad om arealoverføring krev nabovarsling. Det må sendast inn kvittering for motteke nabovarsel og gjenpart av nabovarsel eller skjemaet opplysningar gjeve i nabovarsel. Informasjon om nabovarsling og skjema finn du på kommunen si heimeside: [Alver kommune - Varsle naboane dine](#). Skjema kan ein også få ved å venda seg til Alver kommune Innbyggjarservice.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 11.04.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

## **GENERELL INFORMASJON**

### **Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad**

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Informasjon til tiltakshavar og søkjar om dispensasjon(458297)

### **Mottakarar:**

Bjørn Fjeld

Dyngelandsvegen 99d

5226

NESTTUN